



Tinn kommune
Postboks 14
3661 Rjukan

Dato: 12.09.2017

Hovudplan vann og avløp for Tinn kommune – Høyringsfråsegn frå Aust-Telemark vassområde

Hovudplan VA Tinn kommune - tematisk kommunedelplan for vann og avløp 2017-2047 med vedlegg, er lagt ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist 15.september 2017. Vedlegg til planen er tiltaksplan, strakstiltak for VA-leidingsnett på Rjukan, saneringsplan Rjukan, samt vedtaksdokumentet frå samfunns- og miljøutvalget Tinn kommune 19.06.2017.

Aust-Telemark vassområde ønskjer med dette å uttale seg i høyringa av planen.

Om arbeidet etter vassforskrifta

Vassforskrifta er heimla i forurensingslova, plan og bygningslova (PBL) og vassressurslova, og implementerer EU sitt vassdirektiv i Noreg. Formålet med arbeidet etter vassforskrifta er å ivareta og sikre bærekraftig bruk av vassmiljøet, og å iverksette forebyggjande eller forbetrande miljøtiltak der dette er naudsynt i ferskvatn, grunnvatn og kystvatn.

I arbeidet etter vassforskrifta er heile Noreg inndelt i vassområde og vassregionar, med grenser som følgjer nedbørfelt. Aust-Telemark vassområde er ein del av vassregion Vest-Viken. Vassområdet omfattar øvre del av Telemarksvassdraget frå Hardangervidda i Hordaland, og strekkjer seg til og med Tinnsjø. Kommunane Vinje, Tinn og Notodden deltek i arbeidet i Aust-Telemark vassområde.

Gjennom Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021, er det sett miljømål for alt vatn i regionen. Planen vart godkjent av Klima- og miljøverndepartementet 4. juli 2016. Til grunn for den sentrale godkjenninga av planen, var planvedtak fatta i dei åtte fylkeskommunane i vassregionen.

Den godkjente regionale planen skal leggjast til grunn for verksemnda til regionale organ, og for kommunal og statleg planlegging og verksemnd i regionen, jfr. PBL §8-2. Grunnlaget for vassforvaltningsplanen er dei lokale tiltaksanalysane i alle dei 18 vassområda i regionen, m.a. Lokal tiltaksanalyse for Aust-Telemark vassområde. Den lokale tiltaksanalysen vart godkjent av Tinn kommunestyre 20.11.2013.

Synspunkt/ innspel til hovudplanen.

Aust-Telemark vassområde er tilfreds med at arbeidet med Hovudplan vann og avløp for Tinn kommune snart er slutført. Planen vil vera eit godt verkty i arbeidet med å heve kvaliteten på dei kommunale VA-tenestene, noko som vil bidra til å betre miljøtilstand/oppretthalde god miljøtilstand i vassdrag. Det er positivt at Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021 er

lagt til grunn for arbeidet med hovudplanen, og at det er henvist til Lokal tiltaksanalyse for Aust-Telemark vassområde frå 2013 i planen.

Hovudplanen har ei oversiktleg og detaljert framstilling av status og tiltaksbehov for alle VA-anlegg i kommunen, med prioritering av tiltak ved det enkelte anlegg. Det er innrekna ein realistisk auke av folketal ved dimensjonering av nyanlegg/ rehabilitering av anlegg.

Det er i arbeidet med hovudplanen utarbeidd ein detaljert saneringsplan for VA-anlegg på Rjukan, med kartlegging/ klassifisering av leidningsnett, pumpestasjonar, overløp og bekkeinntak, samt ein prioritert tiltaksplan for perioden 2017-2027. Dette er i tråd med forslag til tiltak i Lokal tiltaksanalyse for Aust-Telemark vassområde (kap 6.3). Dei planlagte tiltaka på leidningsnettet vil kunne gje store reduksjonar i overløpsmengder, noko som vil føre til ein betydeleg reduksjon i tilføring av urensa avløpsvatn til Måna, og såleis vera med på å heve miljøtilstanden i vassdraget.


Effekten av klimaendringane i form av meir nedbør og auka overflateavrenning er eit viktig tema ved planlegging av avløpssystem, med separering av avløpsnett, tilstrekkeleg dimensjonert rørsystem, opning av gamle bekkeløp m.m som viktige tiltak for å handtere auka vassmengder. Forventa auka avrenning i framtida er omtala i kapittel 1.5 i saneringsplanen for VA-anlegg på Rjukan. Dette er eit viktig tema ved planlegging/ tiltaksgjennomføring på avløpsnett generelt, og burde derfor også vore belyst i hovudplanen.

Rjukan har mange bekkar som fører overvatn frå dalsidene ned mot bebygde område rundt Måna. Bekkane er stort sett lagt i rør, og desse lukka bekkesystema er i varierende grad ei utfordring ved auka nedbør/ intens nedbør. Der bekkeløpa ikkje kjem i konflikt med bebyggelse, bør det vurderast om enkelte av desse kan gjenopnast. Dette vil gje ei sjølvrensing av overflatevatnet, samtidig som det vil redusere driftsproblem som overløp og tetting av sluk/sandfang.

Saneringsplanen foreslår at krav til handsaming av overvatn bør regulerast i ein eigen plan, som tek utgangspunkt i ein overordna ROS-analyse. Ein eigen plan for handtering av overvatn vil vera eit godt verkty ved kommunal arealplanlegging.

Med helsing
Aust-Telemark vassområde

Ragnar Gunleiksrud (sign)
styringsgruppeleiar


Liv Rigmor Flå
vassområdekoordinator